

## Kommentarer og endringer ved tilbakemelding på planforslag 12.11.2016

<b>Generelt</b>		
<b>nr</b>	<b>Kommentar frå saksbehandlar</b>	<b>Kommentar frå plankonsulent</b>
1	Det er lagt opp til at ein ynskjer å bygge nytt bygg på eksisterande kai på kote +1,6. Dette er i utgangspunktet i strid med kommuneplanens §1.30, då det ikkje er vist til at bygningen skal konstruerast på ein måte som gjer at den toler høg vasstand. At det er ei avgrensing i funksjonar i bygget under 2,5 m er ikkje tilstrekkeleg, det må også leggest inn dokumentasjonskrav om at det nye bygget vil tole påkjenninga høg vasstand vil kunne påføre bygget (bølger, etc). Alternativt må kai hevast til kote 2,5.	Planframlegget legg no til rette for kai og nytt bygg på kote +2.0. Føresegn § 1.2.8 sikrar dokumentasjon på at konstruksjonen toler naturpåkjenningar.
2	Avfallsplass for boss på parkeringsarealet – er det tilstrekkeleg areal til parkering og bosshandtering?	Ok. Illustrasjonsplan syner at det er tilstrekkeleg med areal til parkering.  Tekst i kap. 8.10 er endra til «Innanfor BN skal det etablerast avfallsløysing i tilknytning snuareal på parkering.
<b>Planskildring</b>		
3	Feil informasjon knytt til KU. Omtaler ikkje nytt naust, og det er ikkje småbåthamnareal eller bustadareal i konflikt med kommuneplanen. Dette må omtalast, spesielt knytt til nytt naust i strandsona og i strid med kommuneplanen.	Kap. 7 Konsekvensutgreiing: Gjennomgått og omskriven.
4	Det må gjerast ei utgreiing knytt til at ein ynskjer å etablere naust på bustadområdet sør i planen, då dette er i strid med arealføremål i kommuneplanen. Utgreiinga må vurdere relevante problemstillingar knytt til omdisponering av arealet.	Kap. 9.1.2 Kommuneplan: Utgreiing er lagt til i kapittel. Problemstillingar knytt til byggeline, visuell eksponering og nytt inngrep i området.
5	9.6 – trafikktilhøve. Det er omtalt at ein ynskjer å kunne utvide verksemda, då må effekt på trafikktilhøve utgreiast betre. Planen legg ikkje opp til betra tilkomst til planområdet, berre til næringsområdet som ligg inne i planområdet.	Kap. 9.6 Trafikk- og parkeringstilhøve: Kapittel er oppdatert med ei utgreiing om endring i trafikktilhøva til planområdet.
<b>Plankart</b>		
6	BYA for BFS1 er høg når ein tek omsyn til tomtestorleiken. Ser ein til kommuneplanen, så er tilrådd maksimal storleik for utnytting på bustadtomter 20 %. Sidan tomte her er stor, ber me om at storleiken vert redusert til 15 %.	Ok, %-BYA for BFS1 er redusert til 15 %.

<b>Føresegner</b>		
7	Det må presiserast i § 2.1.1 at det er tillate med ei bueining.	Ok, det er lagt inn ei presisering i § 2.1.1 om bueining innanfor området.
8	Føresegner knytt til utforming av naust må følgje kommuneplanen. Viser til §§ 2.54-2.56.	Ok, lagt inn ein ny § 2.3.5 om at utforming av naust skal følgje kommuneplanens føresegn pkt. 2.54-2.56
9	§4.1 hamneområde i sjø – det må omtalast i føresegna at evt. krav til merking av bølgedempar og krav til utforming skal godkjennast av hamnevesenet.	Ok, § 4.13 sikrar at evt. krav til merking av bølgedempar og krav til utforming skal godkjennast av hamnevesenet.